

# Ny vår for husdyrgjødsel

**Norsk Landbruksrådgiving Østafjells arrangerer  
Fagmøte Rødberg Hotell onsdag 27.11 kl 19.30-22.00**



*Høgare pris på kunstgjødsla betyr at husdyrgjødsla også har fått langt større verdi. Det er prisen på fosfor (P) som har auka aller mest internasjonalt. Og fosfor er det mykje av i husdyrgjødsla. Dette gjev auka fokus på å nytte husdyrgjødsla best mogeleg. Endra fosfornorm gjer også at ein bør spreie husdyrgjødsla over eit større areal.*

NLR Østafjells har i dei siste åra gjennomført ein god del prøvetaking og påfølgjande vurdering av husdyrgjødselprøver. Rett bruk av gjødsla er viktig både ut frå ynskje om maks avling, økonomiske og miljømessige omsyn. Svært ofte vil desse omsyna dra i same retning m.h.t. å tilpasse gjødselmengder, spreiemetode, transportavstandar m.m. Nokon gonger vil det være behov for avvegingar mellom ulike omsyn, og dette vil også bli drøfta i møta.

## Tema:

**Husdyrgjødsla sitt næringsinnhald og verknad på gjødselinnkjøp:**

- Resultat frå NLRØ-prosjekt

**Erfaringar frå flistalle prosjekt.**

**Tips for å oppnå betre kapasitet på utstyr, høgare kroneverdi på husdyrgjødsla og lågare spreiekostnader**

**Karbonbinding i eng- og beitejord**

Innleiingar er Mari Hage Landsverk, Aslak Botten og Hege Sundet.

Kursavgift: 250 kr/medlem NLRØ 350 kr/ikkje medlem NLRØ.

Påmeldingsfrist 23.nov

[klikk her for påmelding](#)

Møtet er støtta økonomisk av Klimamidler frå Fylkesmannen i Oslo og Viken og EU interregprosjekt



**Norsk  
Landbruksrådgiving**

Østafjells

**Interreg**  
North Sea Region  
Carbon Farming  
European Regional Development Fund



EUROPEAN UNION